

Tenesteskildringar

**Til deg som er innbyggjar og brukar av tenester i
Vanylven kommune**



2023

Innhald

Til deg som nyttar tenestene våre	3
Innbyggjarar og brukarar sitt møte med Vanylven kommune som tenesteytar	4
1. KULTUR OG OPPVEKST	5
1.1 Barnehage	5
1.2 Grunnskule	6
1.3 Familie og læringssenteret	7
1.4 Helsestasjon og skulehelseteneste	8
1.5 Interkommunal barnevernteneste	9
1.6 Pedagogisk rettleiingsteneste (PPT)	11
1.7 Vaksenopplæringa	12
1.8 Kulturskulen	12
1.9 Biblioteket	13
1.10 Kultur og inkludering	13
2. BUSTAD OG SOSIALE TENESTER	16
2.1 Sosiale tenester	16
2.2 Bustad	17
3 HELSE OG OMSORG	18
3.1 Sjukeheim og omsorgstenester	18
3.2 Heimebasert omsorg	18
3.3 Tenester i heimen	19
3.4 Dagtilbod	19
3.5 Psykisk helse og avhengigheit	19
3.6 Psykososialt kriseteam	20
3.7 Legeteneste	20
3.8 Forvaltningskontoret	21
4 BYGG, EIGEDOM OG PLAN	22
4.1 Byggesak	22
5 VEG, VATN OG MILJØ	24
5.1 Kommunale vegar	24
5.2 Vassforsyning	25
5.3 Avløp	25
5.4 Renovasjon	26
6. NÆRING	28
6.1 Landbruk	28

Til deg som nytter tenestene våre

I dette heftet finn du Vanylven kommune sine tenesteskildringar med lovnadar og føremål innan alle dei ulike tenestene kommunen tilbyr i dei ulike sektorane.

Gjennom desse ynskjer vi i Vanylven kommune å formidle kva du skal kunne forvente av oss og dei tenestene vi yter. Tenesteskildringane gjeld tilhøvet mellom kommunen og eigne innbyggjarar, men òg ein del personar med mellombels opphald i kommunen.

For innbyggjarar og brukarar av tenester skal tenesteskildringane både forklare kva dei enkelte tenestene inneheld og korleis tenesta skal utførast.

Serviceerklæringane, som no er revidert i dette dokumentet og gitt ny tittel, er vedtatt av kommunestyret. Kommunestyrets medlemmar er valt av Vanylvens innbyggjarar i kommunevalet. Det er med andre ord Vanylvens innbyggjarar sine valde representantar som har pålagt oss som arbeider i administrasjonen dei oppgåvene og forpliktingar som er formulerte i desse fråsegnene.

Å leve opp til løfta vi gjev i tenesteskildringane, kan vere krevjande. Dei økonomiske ressursane strekk ikkje alltid til. Vanylven kommune ynskjer å setje fokus både på kvaliteten på kvar enkelt teneste, samt sikre ei fornuftig nytting av ressursane våre.

Gjennom brukarundersøkingar skal vi med jamne mellomrom søkje å få tilbakemeldingar frå dykk som brukarar om i kva grad de synst vi innfrir dei løfta vi gjev i desse skildringane.

Vær ikkje redd for å stille krav til oss. Det treng vi fordi vi heile tida ynskjer å verte betre.

Vennleg helsing

Andreas Christian Nørve, kommunedirektør

Innbyggjarar og brukarar sitt møte med Vanylven kommune som tenesteytar

Som innbyggjar og brukar i Vanylven kommune har du mogelegheit og rett til ei rekkje ulike tenester som vi heile tida jobbar for å imøtekomme på ein god og servicevenleg måte.

Du skal bli møtt på ein venleg, raus og open måte når du tek kontakt med kommunen sine medarbeidarar, uansett kva du treng informasjon, vegleiing, hjelp eller støtte til. Våre medarbeidarar skal gjere sitt ytste for å imøtekomme ditt tenestebehov.

Servicekontoret er hovudmottak for kontakt med Vanylven kommune.

Ved servicekontoret får du enten direkte hjelp eller du vert formidla vidare, enten det gjeld personlege frammøte, telefon, brev eller elektroniske førespurnader. Du kan òg ta kontakt med servicekontoret for å leige kommunale lokale eller søkje støtte til kulturføremål.

Lovnad

Som brukar skal du

- Verte møtt med openheit og respekt.
- Få den informasjonen du har krav på.
- Få rettleiing, for å enkelt kunne halde deg orientert og nå fram til den som kan hjelpe.
- Ha høve til å ytre egne synspunkt og refleksjonar.
- Vere trygg på at personlege opplysningar blir tatt vare på og at teieplikta haldast.
- Oppleve at kommunen raskast og enklast mogleg finn dei beste svar og løysingar.
- Oppleve at vi prøver å løyse sakene med minst mogleg formstreng og omstendeleg handsaming.
- Brev får du svar på så snart som mogleg, og seinast innan 2 veker.
- E-post svarar vi på innan 3 dagar.

Du kan finne oppdatert informasjon om tenestene i Vanylven kommune på nettsida:

<https://www.vanylven.kommune.no/>

1. KULTUR OG OPPVEKST

1.1 Barnehage

I Vanylven har vi tre barnehagar: éin i Syvde, éin på Åheim og Solsikka barnehage på Fiskå. Verksemda til barnehagane er lovregulert i Lov om barnehagar med tilhøyrande forskrifter og opplæringslova dersom barnet treng spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagetilbodet skal gjevast med godt høve for naturopplevingar i nærmiljøet. Alle barnehagane har personale med pedagogisk utdanning.

Vanylven kommune har full barnehagedekning.

Betalingssatsane for barnehagar vert bestemt av kommunestyret, men kan ikkje liggje over dei minstesatsane som Stortinget har avgjort.

Lovnad

Som brukar skal du

- Få eit tilbod som er tilrettelagt for trivsel og tryggleik.
- Verte teken imot på ein personleg måte, for å skape nødvendig tryggleik.
- Få eit tilbod som skal utvikle ein grunnleggjande sosial dugleik.
- Få eit tilbod som bidreg til språkleg utvikling.
- Få eit tilbod som er tilpassa kvar enkelt
- Opplive eit oppbyggjande samarbeid med personalet i barnehagen.
- Få tilbakemelding og informasjon til beste for utviklinga til barnet.
- Vert møtt med ein positiv og open samtale med barnehagen.
- Vert invitert til to foreldremøte i året.
- Vere trygg på at det skjer eit samarbeid med barneskulen, med sikte på ein smidig overgang, med barnets beste for auget.

1.2 Grunnskule

Vanylven kommune driv éin barneskule og to barne- og ungdomsskular.

Fiskå skule ligg sentralt plassert i kommunesenteret. På skulen går det elevar frå 1.-7. klasse.

Inst i Syvdefjorden ligg Myklebust barne- og ungdomsskule. Skulen har 1.-10.trinn.

Åheim skule har 1.-10.trinn.

Barneskulane har skulefritidsordning (SFO). Den 10-årige grunnskuleopplæringa er obligatorisk og skal til vanleg starte det året barnet fyllar seks år. Elevane i Vanylvs skulen har krav på skuleskyss i tråd med gjeldande regler og egne avgjerdene til kommunen.

Grunnskulens verksemd regulerast av opplæringslova av 17.juli 1998.

Lovnad

Som brukar skal du

- Gjevast høve til å utvikle egne evner og talent.
- Gjevast høve til å utvikle egen læring og evne til kritisk tenking.
- Gjevast høve til å stimulere personleg utvikling.
- Gjevast høve til å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking.
- Gjevast høve til å gjere medvitne val av utdanning og framtidig arbeid.
- Få tilbod om ulike opplæring og varierte arbeidsmåtar.
- Gjerast trygg på at læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring
- Ha rett til eit mobbefritt skulemiljø og at skulen handsamar alle saker som gjeld mobbing på ein slik måte som krevas i opplæringsloven kapt. 9A.
- Ha rett til spesialundervisning, dersom du ikkje har, eller kan få, tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.
- Vere trygg på at skulen legg til rette for at føresette og lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa, på ein meningsfylt måte.
- Møte ein skule som er tilrettelagt for trivsel og tryggleik.
- Få høve til å utvikle seg både fagleg og sosialt, i eit inkluderande læringsmiljø.
- Kunne arbeide og vurderast ut frå egne føresetnader.
- Møte læringssituasjonar som fremjar motivasjon og mestring.
- Få hjelp til å førebu overgangen mellom barnehage og barneskule, mellom barneskule og ungdomsskule og mellom ungdomsskule og vidaregåande skule.
- Få to utviklingssamtalar i året, der lærar og føresette deltek. Samtalen kan gjennomførast utan elev, dersom foreldra ynskjer det.

1.3 Familie og læringssenteret

I Familie- og læringssenteret (FLS) samlar vi alle dei vanlegaste tenestene for barn, unge og familiar under same «paraply». Vi ynskjer med dette å sikre eit heilskapleg tenestetilbod der vi er meir tett på og tidleg inn. Vi gir tenester til barn og ungdom i alderen 0-20 år og deira føresette, samt gravide.

Vanylven helsestasjon har lokale på Combisenteret på Fiskå.

Familie- og læringssenteret har helsestasjon med jordmor og skulehelseteneste.

I tillegg til basistenestane tilbyr Vanylven kommune familieterapi, pedagogisk rettleiingsteneste (PPT), samt ungdomslos.

Vi har eit ambulerande støtteteam som er ei fleksibel teneste utifrå dei behova som trengst. Tilbodet kan vere både til barn, unge, familiar, barnehagar og skular. Teamet har tilknytt kommunepsykolog i 20%.

Vi har ei koordinerande eining for barn og unge under 18 år. Denne skal bidra til å sikre heilskapleg tilbod til barn og unge med behov for langvarige og koordinerte tenester. Eininga sitt ansvar for individuell plan og koordinator er sentralt.

Behov for støttekontakt og avlasting kan også vere aktuelt.

Lovnad

Som brukar av desse tenestene skal du

- Få ei teneste eller serviceyting som er individuelt tilpassa ditt behov.
- Vert møtt av positive, lyttande og rause fagpersonar i kommunen.

1.4 Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjonen høyrer til familie- og læringssenteret.

Helsestasjonen skal ha et tilbod til gravide, barn og deira familie, samt til ungdom.

Helsestasjonen har eit oppfølgingsprogram for barn frå 0 – 5 år der ein tilbyr oppfølging på vekst og utvikling, vaksinasjonar og samtalar med helsesjukepleiar og lege.

Skulehelsetenesta gjev tilsvarende tilbod til alle grunnskuleelevar i kommunen, samt trefftid-ordning med drop-in.

Helsestasjon for ungdom (HFU). Ungdom mellom 13 og 20 år vert gjeve tilbod om gratis samtale/oppfølging.

Det kan òg gjevast enkeltsamtalar og gruppesamtalar, til dømes foreldrerådgeving.

Barn og ungdom har rett til å gje uttrykk for eigne meiningar.

Dei tilsette ved helsestasjonen har teieplikt.

Ved behov er det mogleg å bli henvist til andre faggrupper. Helsestasjonen har tverrfagleg samarbeid med skule, barnehage, fysioterapeut, andre helsetenester i kommunen, PPT, barnevern, rehabiliteringa, spesialisthelsetenesta og frivillige organisasjonar.

Helsestasjonen si verksemd regulerast av forskrifta om kommunens helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta av 3.april 2003. Lenke til retningslinjer:

<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten>

Du kan kontakte helsestasjonen via Helsenorge. Ta kontakt når det passar for deg, og unngå telefonkø. Når du sender ei melding til oss via Helsenorge svarar vi normalt i løpet av ein arbeidsdag.

Du kan også laste ned Helsenorge-appen til din mobiltelefon

Jordmortenesta:

Helsestasjonen med jordmor tilbyr gratis svangerskapsoppfølging og følger nasjonale retningslinjer for svangerskapsomsorg.

Jordmor henviser ved behov, har eit tverrfagleg samarbeid og kan tilby støttesamtaler i graviditet og barseltid. Etter fødsel får familien tilbod om heimebesøk av jordmor med fokus på fødsel, barnet og barseltid. Seks veker etter fødsel kan kvinna bestille time til etterkontroll med jordmor til samtale og kontroll av mors helse.

Jordmortenesta har og generelt tilbod innan kvinnehelse med celleprøver av livmorhals og prevensjon.

Lovnad

Som brukar skal du:

- Verte møtt med tillit, respekt og romslegheit.
- Oppleve at det er sett av nok tid i samband med samtale.
- Oppleve at tilgjenge til tilsette er tilfredsstillande.

- Få aktuell og tilpassa informasjon, samt rettleiing, utan forseinking.
- Som gravid få oppfølging av jordmor.
- Få oppfølging på helsestasjon og i skulehelsetenesta.
- Få tilbod til helsestasjon for ungdom, HFU, ein gong i veka, utanom feriar og høgtidsdagar.
- Få tilbod om råd og rettleiing knytte til problemstillingar rundt foreldrerolla.
- Du vil få rettleiing vidare når helsestasjonen ikkje kan hjelpe.

1.5 Interkommunal barnevernteneste

01.01.2023 gjekk barneverntenesta i Vanylven inn i interkommunalt samarbeid med «Søre Sunnmøre Barnevernsamarbeid».

Vanylven, Hareid, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta har felles barnevernteneste. Volda er vertskommune og har ansvar for administrasjon og drift av tenesta.

Alle tilsette har arbeidsstaden sin i Volda. Ved behov har dei tilgang til kontor og møterom i kvar av kommunane.

I tillegg er hjelpetiltaka for einslege mindreårige innvandrarakar organisert som ein del av barneverntenesta.

Målet med denne organiseringa er eit barnevern som skal kunne gje endå betre tenester til born og familiar. Vidare er *tidleg innsats* eit nasjonalt innsatsområde.

Føremålet med barnevernslova er å sikre at born og unge ikkje vert utsett for omsorgssvikt eller andre skadelege oppvekstvilkår.

Dersom det er naudsynt med tiltak skal barneverntenesta så langt det er mogleg avgrense seg til tiltak i heimen. Flytting av born skal i utgangspunktet vere ei naudløysing.

Sentrale oppgåver:

- Undersøke bornet sin omsorgssituasjon
- Setje i verk frivillige hjelpetiltak og om naudsynt fremje forslag om tiltak til fylkesnemnda.
- Barneverntenesta skal gjennomføre og følgje opp Fylkesnemnda sine vedtak.

Ved alle tiltak etter barnevernslova skal det leggjast vekt på kva som er best for bornet. Personar som til vanleg har teieplikt, har likevel opplysningsplikt overfor barneverntenesta om det er grunn til å tru at det ligg føre mishandling, alvorleg svikt i omsorg eller alvorlege åtferdsvanskar.

Privatpersonar kan også melde inn dersom dei er bekymra for born.

Skjema for bekymringsmelding: https://www.volda.kommune.no/_f/p39/i2ff7aa35-8bc8-49f6-99d6-8d297eb1c681/bekymringsmelding-til-barnevernet_jan-2023.pdf

Det er eit mål å få til barnevernvakt i området, men inntil vidare må politiet kontaktast i akutte situasjonar. Dei er å nå på telefon 02800 eller på nødnummeret 112.

Meir om barneverntenesta

Barnevernstenesta skal bidra til gode oppvekstvilkår for barn og unge. Tenesta skal sikre hjelp og omsorg for barn og unge, som lever under tilhøve som kan skade helsa og utvikling deira. Barnevernstenesta gjev tenester til barn og unge i alderen 0 til 18 år (i særlege tilfelle opp til 23 år) og familieane deira. Barnevernstenesteloven av 17.juli 1992 regulerer verksemda.

Barnevernstenester kan vere rettleiing til foreldre, familieråd, nettverksarbeid, hjelp til konfliktløsning, opphald i besøksheim, støttekontakt eller flytting av barn til eigna stad utanfor heimen.

Barnevernstenesta skal òg sørge for å vise til annan hjelpe-instans, slik som BUP og familievernkontor, når det er aktuelt.

Barnevernstenesta vurderer òg adopsjonssøknader.

Barnevernstenesta samarbeider med andre som kjenner barnet, for eksempel skule, barnehage, helsestasjon. Dette skjer i samråd med føresette.

Barn og ungdom har sjølv rett til å gje uttrykk for eigne meiningar. Dei tilsette i barnevernstenesta har teieplikt.

Alle som er bekymra for eit barn eller ein ungdom, kan ta kontakt med barnevernstenesta. Det kan skje per telefon, skriftleg eller ved personleg oppmøte.

Lovnad

Som brukar skal du

- Vert møtt med tillit, respekt, romslegheit og fortrulegheit.
- Få all informasjon som er aktuell, i eiga sak.
- Få handsama ”bekymringsmeldingar” innan 5 dagar (Barnevernlova § 4.2).
- Få tilbod om råd og rettleiing.
- Få hjelp og rettleiing til å finne den beste moglege løysinga, for både barn og familie.
- Vert vist vidare til spesialisttenester, ved behov.
- Oppleve at dei tilsette alltid freistar å finne så gode tiltak som mogleg for barnet/ungdomen, utanfor familien, når det er til beste for ungdomen/barnet.
- Oppleve å medverke i tilhøve til eiga sak.

1.6 Pedagogisk rettleiingsteneste (PPT)

PPT står for pedagogisk-psykologisk teneste, ei teneste for barn, unge og vaksne med særlege opplæringsbehov. Elevar i vidaregåande nyttar PP-tenesta i den kommunen der skulen ligg.

PP-tenesta er heimla i barnehagelova og opplæringslova.

For å sikre tilfredsstillande utvikling og utbytte er PPT sine oppgåver:

- Organisasjonsutvikling
- Kompetanseutvikling
- Sakkunnig vurdering

PPT skal sørge for sakkyndig vurdering der lova krev det før kommunen fattar vedtak om spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp.

Eleven sjølv, foreldre, barnehage eller skule kan ta kontakt med PPT. Det mest vanlege er at henvendinga skjer i samarbeid med skule/ barnehage.

PPT kan yte tenester i høve kartlegging og utgreiing av funksjons- og lærevanskar, rettleiing knytt til pedagogiske tiltak og rettleiing til foreldre, barn og ungdom.

Formål med tenesta:

PP-tenesta skal hjelpe barnehage og skule med å legge til rette for barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging. Målet er at dei skal få eit inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.

Tenesta skal sørge for at det blir utarbeida sakkunnig vurdering der lova krev dette jamfør Opplæringslova §5-1

PPtenesta hjelper barnehage og skule med kompetanse- og organisasjonsutvikling, slik at dei kan lukkast med å tilretteleggje for barn og elevar og vaksne med særskilte behov i kortare eller lengre periodar.

Kven kan få tenesta:

Tenesta gjeld for barn og unge i førskule og grunnskulealder 0-16 år samt skule og barnehage.

Tenesta er gratis.

PPtenesta er kommunen sin sakkunnige instans, og vurderer behovet i kvart einskild tilfelle.

Det er vanlegvis barnehagen, skulen eller foreldra som søker barnet/eleven til PPtenesta. Foreldra og elev må samtykke til henvisinga. Barnet skal bli høyrte.

Sakkunnig vurdering:

PPtenesta utarbeider sakkunnig vurdering når det er saker som handlar om :

- spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning
- tidleg eller utsett skulestart
- fritak frå opplæringsplikt

- teiknspråkopplæring / punktskriftopplæring
- alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
- inntak til eit særskilt utdanningsprogram i vidaregående opplæring

Høve til å klage:

I utgangspunktet er det ikkje nokon formell klageinstans i forhold til tenesteyting, men alle har rett til å seie frå om dei synest at tenesta ikkje er tilfredsstillande. Pedagogisk rettleiingstenesta sin overordna er kommunalsjef i kultur og oppvekst: Frode Vik og fagansvar for PPT: Sølvi Erviksæter Sjøstad

Samarbeidspartar: Vi samarbeider med kommunale instansar som helsestasjon, barnevern. Fylkeskommunale instansar som BUP, habiliteringstenesten og statlege kompetansesentera som Statped. Dette samarbeidet skjer kun dersom føresette har gitt samtykke til det, gjerne skriftleg samtykke frå begge foreldra om det er delt foreldreansvar.

Fristar: Kontinuerleg arbeid. Du kan kontakte oss når som helst i løpet av året.

1.7 Vaksenopplæringa

Personar mellom 16 og 67 år som søker opphaldsløyve etter utlendingslova som grunnlag for busettingsløyve, har rett og plikt til opplæring: 550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Det kan gis fleire timar ved behov.

Opplæringa er gratis for dei med rett og plikt. Arbeidsinnvandrarar og dei som fell utanfor rett og plikt må betale.

Du finn vaksenopplæringa i 2. etasje ved Herøy VGs. avd. Vanylven i Syvde. Inngang ved biblioteket.

1.8 Kulturskulen

Vanylven kulturskule er ein skule der born og unge i og utanfor skuletida kan få utvikle sine eigenskapar, sansar og skapande evner.

Kulturskulen sitt føremål:

- Å utvikle musikalske og skapande evne hjå elevane, og fremje deira oppleving av og forståing for musikken og andre kunstfag som allmennmenneskeleg og kunstnarleg uttrykksform.
- Å utvikle elevane sin dugleik innanfor kunstfaga utifrå den enkelte sine føresetnader, slik at dei først og fremst får ei meningsfull og stimulerande fritidsaktivitet, og dermed eit godt grunnlag for yrkesval innanfor kunstfaga.
- Å skape aktive lyttarar/tilskodarar som er i stand til å velje innanfor det mangfald av kulturtilbod som finst i samfunnet.

- Å vere ein ressurs for skuleverket og musikklivet elles i kommunen i arbeidet med å oppnå ein best mogleg opplæring og fremje interesse for musikk og andre kulturfag i nærmiljøet
- Kulturskulen skal vere med på å styrke born og unge sin sjølvtilitt og gje glede i kvardagen. Undervisninga passar til born og unge som har interesse for musikk, kunst og drama og vil utvikle seg innan desse felta.
- Ein treng ikkje å ha forkunnskapar for å få undervisning i kulturskulen. Borna er her for å lære og utvikle seg.
- Det vil bli lagt til rette for å undervise individuelt. Mange har time i eller rett etter skuletid og i SFO-tida.

1.9 Biblioteket

Vanylven folkebibliotek sitt hovudbibliotek ligg i Syvde sentrum, i Herøy vidaregåande skule, avdeling Vanylven. Biblioteket har også filialar (underavdelingar) på Rovde og på Åram.

Lånekort:

Du må ha lånekort for å låne noko på biblioteket. Lånetida er til vanleg 4 veker.

Du kan lese meir om lånekort, bestilling av bøker og reservering av bøker på Vanylven kommune si heimeside.

1.10 Kultur og inkludering

Kultur og inkludering handlar om å skape en inkluderande og mangfaldig kultur som åpner opp for alle og fremmer både individuelle og felles verdier.

I Vanylven kommune ønsker vi å tilby varierte, spennande og gode tenester innan kultur og inkludering til innbyggjarane våre. Vi jobbar for å ha gode tilbod til innbyggjarar i alle aldrar, slik at det finnast noko for alle.

Nedanfor finn du dei ulike tenestene kommunen kan tilby innan kultur og inkludering.

- UKM – Ung kultur møtast (Ein møteplass for kreativ ungdom)
- Vanylven kommune arrangerer kvart år eit arrangement for ungdom mellom 10 og 20 år der ein kan vise fram noko ein er god til eller lære noko heilt nytt. Kanskje du er god til å arrangere, danse, game, filme, underhalde, skrive eller lage kunst? Dette er berre nokon få av dei mange ting ein kan gjere på UKM. Og viss du ikkje er god på desse tinga, kanskje du har lyst til å lære det?

Meir info om UKM funn du på: [UKM for ungdom](#)

- DKS - Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal ordning som skal bidra til at alle skuleelevar i Norge får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år.

Gjennom ordninga skal elevane få moglegheit til å gjere seg kjent med og utvikle ei forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Kulturtilboda skal vere av høg kvalitet og vise heile bredda av kulturuttrykk. Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vere representert i Den kulturelle skulesekken.

Meir info om DKS finn du her: [Utforsk produksjoner i DKS - Den kulturelle skulesekken | Den kulturelle skulesekken](#)

- Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken er ei ordning der kommunane kan søke om tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre. Spaserstokken skal legge til rette for auka samarbeid mellom kultur- og omsorgssektoren. Det skal skje på arenaar der dei eldre er i dagleglivet. Vanylven kommune søkjer årleg om tilskot frå fylkeskommunen til ulike arrangement innanfor den kulturelle spaserstokken.

- Kulturprisen

Vanylven kommune delar ut årleg i samarbeid med Sparebanken Møre kulturprisen. Kulturprisen blir utdelt etter at innbyggjarane sender inn nominasjon, administrasjonen samlar dei nominerte og livsløpsutvalet vel kven av dei nominerte som skal få prisen. Kulturprisen består av kr 5000,- og eit kunstverk av ein lokal kunstnar.

- Tilskot og støtteordningar

Vanylven kommune kan bidra, etter initiativ frå frivillige lag og organisasjonar, private og andre, med støtte og rettleiing i samband med søknadar til støtte om ulike prosjekt. Døme på slike ordningar kan vere spelemidlar, kulturmidlar, bufdir med fleire. Vanylven kommune legg også ut informasjon om ulike støtteordningar og fristar for å søkje på desse på kommunen si heimeside.

- Vanylven frivilligsentral

Vanylven kommune held på å opprette ein frivilligsentral. Frivilligsentralane skal stimulere til frivillig innsats, vere opne møteplassar for befolkninga og eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor. Frivilligsentralane skal vere bygd på frivilligheita sine premisser og lokale ønsker. Meir info aktivitetar initiert av frivilligsentralen kjem når sentralen er etablert.

- BUA

Vanylven er medlem av den nasjonale foreininga BUA. BUA Vanylven er eit tiltak for å auke fysisk aktivitet, sosial inkludering og aktivitetsglede i kommunen vår. BUA skal bidra til å auka deltaking i helsebringande aktivitetar for barn og unge.

BUA Vanylven har gratis utlån av utstyr til sports- og friluftaktivitetar for privatpersonar, barnehagar, skular, lag og organisasjonar i Vanylven kommune. Vi har utstyr til både sommar- og vinteraktivitetar; til overnatting, matlaging, fiskeing, sykling, padling, leik m.m. Du kan låne utstyr til det du likar eller utfordre deg med aktivitetar du aldri har prøvd før!

I opningstida kan du droppe innom og hente reservert utstyr.
Meir info finn du på www.bua.no

- MOT
Arbeider førebyggjande med å motverke samfunnsutfordringar som mobbing, utanforskap og psykiske vanskar gjennom å styrke ungdoms robustheit, livsmeistring og mot. Vanylven kommune har tilsett ein MOT- coach som følgjer programmet robust ungdom i ungdomsskulane.
Meir info om MOT finn du her: [MOT styrker ungdoms robusthet og livsmestring | MOT.no](#)
- Ungdomslos
Ungdomslos er eit frivillig tilbod til ungdom og unge vaksne i alderen 12 – 24 år som står i fare for/har falt ut av vidaregåande opplæring/læretid/arbeid, eller kan trenge støtte i overgong ungdomsskule – vidaregåande skule. Ungdomslosen har arbeidsstad på rådhuset, men oppsøker ungdommane der dei er; heime, skulen og liknande, også om ein går på vidaregåande skule i ei anna kommune. Målet med ungdomslos er at ungdommane skal kunne fullføre vidaregåande skule/læretid. Dette skjer i tett samarbeid med ungdommen, føresette og ungdomslosen.
Ein føresetnad for eit godt resultat fordrar eit godt samarbeid mellom ungdommen og ungdomslosen. Losen arbeider individuelt, og har teieplikt. Ungdomslosen har mange samarbeidspartar, og samarbeid skjer etter samtykke. Dette kan vere skular, NAV, lege, teneste for rus- og psykisk helse, BUP/DPS og så vidare.

Øvrige kulturarbeid kommunen støttar eller deltek i

- Kulturminner
- Monsiaden
- Kino
- Sommarguide, St.Jetmund og Valborgsamlinga
- Idrettsrådet og ungdomsrådet
- Kontakt med lag og organisasjonar

2. BUSTAD OG SOSIALE TENESTER

2.1 Sosiale tenester

Gratis sosialteneste er lovfesta, i Lov om sosiale tenester, og skal

- Bidra til at innbyggjarane i kommunen oppnår økonomisk og sosial tryggleik.
- Sikre vanskelegstilte tilfredsstillande levevilkår, likeverd og likestilling.
- Førebyggje sosiale problem.
- Bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ein aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre.
- Yte service til alle som bur eller oppheld seg i kommunen.

Vanylven kommune har ansvaret for sosiale tenester, men oppgåvene er lagt til NAV som har ansvar for

- trygdeyttingar
- arbeidsformidling
- Sosiale tenester
- Arbeidstrening.

Lovnad

Som brukar skal du

- Ha éin stad å henvende deg, anten det gjeld arbeid, trygd eller sosiale tenester
- Vert møtt med respekt og fortrulegheit.
- Oppleve å få medverke i di eiga sak.
- Få all informasjon som er aktuell, i eiga sak, ved å kunne ta kontakt ein plass.
- Få opplysning, råd og rettleiing, som kan bidra til å løyse eller førebyggje sosiale problem.
- Ha krav på praktisk og personleg hjelp til å greie dagleglivet ditt, dersom du ikkje er i stand til å ha omsorg for deg sjølv.
- Ha krav på økonomisk stønad, dersom du ikkje sjølv kan sørgje for eige livsopphold gjennom arbeid, eller andre økonomiske rettar/inntekter.
- Oppleve at ressursane vert samordna heilskapleg, best mogleg og tidlegast mogleg, for deg.
- Få tilbod om råd og rettleiing, eventuelt ein personleg plan, med sikte på å kunne overvinne eller tilpasse seg ein vanskeleg livssituasjon.
- Oppleve å ha fått råd og rettleiing, som bidreg til ei forbetring av livssituasjonen.
- Få svar på søknaden din innan ei veke.

2.2 Bustad

- **Bustadtilskot**
kan du søkje om dersom du har behov som gjer at du treng å tilpasse bustaden din.
Husbanken gir tilskot til ulike formål og målgrupper. Desse tilskota er retta mot privatpersonar.
- **Kommunal bustad/ omsorgsbustad**
er i utgangspunktet eit midlertidig tilbod om å leige ein bustad som Vanylven kommune eig.
Bustadane er eit av fleire tilbod vi har, for å hjelpe deg som har problem med å skaffe deg bustad sjølv. Bustadane er meint for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
Nokre av bustadane er utan personaltilsyn, nokre har delvis personaltilsyn og nokre har tilsyn heile døgnet. Tildeling av omsorgsbustad vert gjort utifrå ei individuell vurdering og utifrå kapasitet.
- **Bustønad**
er ei statleg støtteordning for deg som har lav inntekt og høge bustadutgifter. På linken nedanfor finn du ut om du er i målgruppa.
<https://husbanken.no/bostotte/kan-jeg-faa-bostotte/>
- **Startlån**
skal medverke til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den.
Tildeling av startlån føreset til ei kvar tid at kommunen har midlar til utlån. Dette er igjen avhengig av at Husbanken har tildelt kommunen midlar til dette.
Startlån er regulert gjennom forskrift om startlån frå Husbanken.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-03-12-273>
- **Gjeldsrådgjeving**
Vanylven er med i eit interkommunalt samarbeid om gjeldsrådgjeving, saman med kommunane Herøy, Sande, Ulstein og Hareid.
- **Økonomisk sosialstønad**
Du har krav på økonomisk sosialhjelp dersom du ikkje har andre moglegheiter til å forsørge deg sjølv jf. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga §18 og §19. Lovverket sitt primære mål er å sikre alle som oppheld seg lovleg i Norge forsvarleg livsopphald. Oppheld du deg i utlandet har du ikkje rett på økonomisk stønad. For å få økonomisk sosialhjelp fra NAV Herøy og Vanylven må du opphalde deg i Herøy eller Vanylven kommune.
NAV Herøy og Vanylven har plikt til å gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge økonomiske og sosiale problem etter Lov om sosiale tenester i NAV § 17

3 HELSE OG OMSORG

3.1 Sjukeheim og omsorgstenester

Vanylven helse- og omsorgssenter har to avdelingar med totalt 51 institusjonsplassar:

avdeling 2 - langtidsplassar, skjerma eining, korttidsplassar, rom for palliativ pleie og kreftpasientar samt rom for akuttbehandling.

avdeling 3 - langtidsavdeling og avdeling for demente

- Avlastning
Vi har ulike avlastningstilbod i institusjon. Tenesta er knytt til pårørande med særleg tyngjande omsorgsoppgåver.

3.2 Heimebasert omsorg

Heimesjukepleie, heimehjelp og andre tenester som ergoterapi og fysioterapi er eit tilbod til deg som bur i kommunen og som ikkje klarer å ta omsorg for deg sjølv.

Heimesjukepleie er gratis, medan det må betalast ein eigenandel for heimehjelp. Denne vert bestemt utifrå den samla inntekta til husstanden og kjem fram i vedtaket. Som mottakar av heimehjelp må du sjølv bidra med naudsynt utstyr som heimehjelpa treng i heimen din.

Det er òg naudsynt at du, så tidleg som mogleg, gjev melding om fråvær og andre tilhøve som er viktig, for at heimehjelpa skal kunne fungere godt i jobben sin.

Desse tenestene er mellom anna regulert i helse- og omsorgstenesteloven av 24.juni 2011.

Heimesjukepleia består av

- Individuell sjukepleie, rettleiing og tilsyn.
- Tilpassing og formidling av hjelpemiddel.
- Formidling av kontakt og samarbeid med fysio-/ergoterapeut, lege, tannlege og liknande ved behov.
- Kostrettleiing og tilrettelegging av måltid.

Heimehjelpstenesta består av

- Reinhald
- Andre praktiske gjeremål

Lovnad

Som brukar av heimesjukepleie skal du:

- Få hjelp umiddelbart ved akutt behov.
- Vurderingsbesøk seinast innan ei veke etter at vi har motteke søknad/førespurnad.
- Motta tenester basert på individuell behovsvurdering.

- Fortløpande vurdering av hjelpebehovet.
- Møtast med respekt, vørdnad og fortrulegheit, av medarbeidarar, som alltid skal kunne legitimere seg.
- Ha tryggleik for døgnberedskap.
- Få rettleiing, hjelp og støtte, slik at du kan bu i ditt eigen heim så lenge som mogleg.
- Som brukar av heimehjelp skal du:
- Få vurderingsbesøk seinst innan tre veker etter at vi har motteke søknaden/føresurnaden din.
- Få tenester basert på individuell behovsvurdering.
- Vert møtt med respekt for deg og heimen din.
- Få utført reinhaldsteneste og praktisk bistand/assistanse, som gjer deg som brukar best mogleg i stand til å bu i din eigen heim, så lenge som mogleg.

3.3 Tenester i heimen

- TT-kort
- Heimesjukepleie
- Mat på døra
- Tryggleiksalarm
- Parkeringskort
- Avlastning
- Praktisk bistand
 - Heimehjelp
 - Brukarstyrt personleg assistent (BPA)
- Kreftkoordinator
- Følgjekort/ledsagerbevis
- Hjelpemiddel
- Støttekontakt kvardagsmeistring
- Frisklivssentralen

3.4 Dagtilbod

- Dagtilbod demens
- Dagtilbod psykisk helse
- Dagtilbod nattopphold
- Tilrettelagt arbeid
- Tynnaknuten- rus og psykisk helse

3.5 Psykisk helse og avhengigheit

- Psykisk helsearbeid
- Støttekontakt

- Rustilbod
- Rehabilitering og hjelpemiddel

3.6 Psykososialt kriseteam

Det er ein viktig del av kommunen sitt ansvar å ivareta innbyggjarane ved ekstraordinære hendingar, og gi støtte og omsorg. Det psykososiale kriseteamet i kommunen skal bistå med psykososial støtte og hjelp til personar som opplever ulykker, kriser, katastrofar av ulikt omfang og ulik karakter. Det kan vere snakk om større eller mindre ulykker eller hendingar der nokon av innbyggjarane våre treng hjelp. Psykososialt kriseteam vert utkalla av leiar eller nestleiar, når det kjem oppdrag frå anten naudetatane eller lege. Teamet skal vere tverrfagleg samansett.

Basisgruppa består av

- kommunalsjef (leiar kriseteam)
- kommuneoverlege (nестleiar kriseteam)
- avdelingsleiar institusjon
- leiar oppfølgingstenesta
- leiar barn og unge
- politistasjonssjef
- prest

3.7 Legeteneste

Legetenesta har ansvar for allmennmedisin og samfunnsmedisin i Vanylven kommune.

Fastlegane ivaretek dei allmennmedisinske oppgåvene. Dei samfunnsmedisinske oppgåvene vert dekt av fastlegetenesten i Vanylven.

Vanylven legesenter finn du i 2.etasje på Combisenteret på Fiskå.

Opningstider 08:00-16:00. I perioden 15.mai til 15.september er opningstidenen 08:00-15:00.

Utanom kontortid på legesenteret kan du ta kontakt på vakttelefon 116117.

Telefon dagtid/ timebestilling: 70030100

Vakttelefon kveldstid: 116117

Øyeblikkeleg hjelp: 113

Meir informasjon om legetenestene i kommunane kan du finne via [den offentlige helseportalen](#).

3.8 Forvaltningskontoret

Vanylven kommune har ansvar for å yte forsvarlege helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Forvaltningskontoret skal ha ei grunnleggjande oversikt over rettigheiter og plikter i den kommunale helse- og omsorgstenesta, og skal ha god kunnskap og ferdigheiter i å forvalte dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Forvaltningskontoret skal vere ei dør inn til alle henvendingar til kommunale helse- og omsorgstenester. Kontoret skal ta i mot og behandle søknader, gje informasjon om dei ulike tenestene og om korleis du søker, samt eventuell hjelp til å klage.

Forvaltningskontoret skal ha ansvar for vurdering, tildeling og sakshandsaming med omsyn til kommunale helse- og omsorgstenester som krev enkeltvedtak:

Helsetenester i heimen

- Praktisk bistand – reinhald
- Praktisk bistand – opplæring
- Støttesamtale
- Brukarstyrt personleg assistanse – BPA
- Tryggleiksalarm
- Støttekontakt
- Omsorgsløn
- Omsorgsbustad
- Dagsentertilbod
- Avlastningsopphald for utredning, behandling og rehabilitering
- Korttidsopphald
- Langtidsopphald i institusjon og bustader med heildøgns opphald

I tillegg skal forvaltningskontoret også ta i mot og behandle søknad om:

- Saker for koordinerande eining – herunder ansvarsgruppe og individuell plan
- Transporttenesta for funksjonshemma (TT – ordning)
- Parkeringsbevis for funksjonshemma
- Bustønad
- Etterrekning av vederlag for institusjonsopphald
- Legge til rette for et godt samarbeid med tenesteytarane til beste for pasient og bruker
- Bidra til god ressursutnytting i helse- og omsorgstenestene.
- Legge til rette for samarbeid med brukarorganisasjonar, interne og eksterne samarbeidspartnarar.

Lovnad

Dei som tek kontakt med kommunen skal også sikrast forsvarleg sakshandsaming når dei bed om slike tenester.

Velferdslovgivinga skal sikre at dei som har behov for ytingar får innvilga rettane sine, og sakshandsamingsreglane skal sikre ein forsvarleg saksgang og rettstryggleik.

Vanylven kommune skal ha fornøgde brukarar som får riktige tenester på rett nivå etter effektiv og kvalitativt god sakshandsaming.

Øvrige tilbod i kommunen:

- Hjertestartar. I Vanylven har vi 23 registrerte hjertestartarar fordelt i kommuna.
- Veterankontakt
- Krisesentertilbod

4 BYGG, EIGEDOM OG PLAN

4.1 Byggesak

Vanylven kommune har mynde til

- Å godkjenne byggesøknader, søknader om deling av grunn og søknader som har med utslipp som kan verka forureinande å gjere.
- Å føra tilsyn med at byggebransjen har kvalifiserte aktørar med hensiktsmessige kvalitetssystem.

Reglane for byggesakbehandling går fram av plan- og bygningsloven av 27.juni 2008.

Lurar du på når du har plikt til å søkje løyve eller gje meldingar, kan du søkje ytterlegare informasjon i ein del såkalte rettleiingar. Det er utarbeidd rettleiing for:

- Større bygg
- Driftsbygningar i landbruket
- Einebustad og fritidsbustad
- Tilbygg til bustad
- Veranda, balkong og terrasse Garasje, bu o.l.
- Gjerde og levegg
- Forstøtningsmur
- Små søknadspiktige tiltak

På www.vanylven.kommune.no kan du òg laste ned:

- Søknadsskjema og blankettar
- Gjeldande byggeregler
- Plan- og bygningslova

- Delingslova
- Forureiningslova
- Seksjoneringslova.
- Vedtekter
- Gebyrregulativ

Lovnad

Som brukar skal du:

- Få naudsynt informasjon og rettleiing når du lurar på noko.
- Få klare og forstålege tilbakemeldingar innan avtalte fristar.
- Motta upartisk, effektiv og rettferdig saksbehandling
- Oppleve at vi handsamar komplette søknader/meldingar innanfor følgjande tidsfristar:
- Enkle byggetiltak: innan tre veker
- Melding om byggetiltak: innan tre veker
- Vanlege byggetiltak: innan 12 veker
- Rammeløyve for byggetiltak: innan 12 veker
- Seksjonering: innan tre veker
- Oppleve at vi gjev ferdigattest/mellombels nytteløyve: innan fem verkedagar
- Oppnå kontakt over telefon eller ved oppmøte i vanleg opningstid
- Kunne søkje ytterlegare informasjon, ved å ta kontakt med oss eller ved å lese våre rettleiingar, som du kan få tilsendt eller utlevert ved servicekontoret.
- Når du ringer skal du få direkte kontakt med ein av oss, eller få lagt igjen melding.
- Ved besøk skal du raskt få hjelp, men avtal gjerne tidspunkt på førehand.

5 VEG, VATN OG MILJØ

5.1 Kommunale vegar

Vanylven kommune har ansvaret for:

- Å byggje og å halde ved like kommunale vegar. (Statens Vegvesen har tilsvarende ansvar for fylkesvegar og riksvegar).
- Å føre tilsyn med at innleidde aktørar utfører vedlikehald i samsvar med avtalar.
- Vanylven kommune har ansvar for brøyting av kommunal veg.
- Brøyting av fylkesvegar og gang- og sykkelveg langs tidlegare riksvegar er Statens Vegvesen sitt ansvar (tlf. 175)
- Trafikktryggleik:
«Kommunen er gjennom folkehelseloven pålagt et ansvar for å fremme befolkningens helse, bidra til å forebygge skade eller lidelse og til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen. I praksis innebærer dette at kommunene må arbeide systematisk og tverrfaglig med trafiksikkerhet.» (Meld.St.40 Trafikktryggleiksarbeidet – samordning og organisering)
- Vegadresser:
Adresser og skilt skal sørge for at alle på ein lett og forståeleg måte skal kunne finne fram til bygningar. Adressa skal også kunne brukast av navigasjonssystem for å finne fram til rett stad.

Ansvaret regulerast av vegloven av 21.juni 1963.

- Gatelys: Ved oppdaging av feil på gatelys, kan du melde inn feilen via karttenesta til Eviny Solutions AS. Meir informasjon om dette finn du på Vanylven kommune si heimeside.

Lovnad

Som brukar skal du:

- Få den informasjonen du treng om vegar og vegvedlikehald.
- Få brøytt kommunale vegar når snømengda er, eller vil verte omlag 15 centimeter på køyreveg og 10 cm på gang- og sykkelveg.
- Få klare svar på førespurnader så snart det er mogleg, og innan tre veker, dersom førespurnaden krev saksarbeid
- Få ein upartisk og korrekt handsaming på førespurnad til kommunen, i slike sakar
- Oppleve at gong- og sykkelvegar og bratte/vanskelege køyrevegar vert prioritert, ved behov for strøing.
- Oppnå direkte kontakt med ein ansvarleg person når du ringar, eventuelt ha høve til å leggja igjen melding slik at vi kan ta kontakt med deg
- Få hjelp snarast mogleg, når du tar kontakt. Brev eller e-post får du svar på så snart som mogleg, og seinast innan 3 veker.

5.2 Vassforsyning

Drikkevatnet i Vanylven vert teke frå Strandavatnet/ Støylsvatnet

Kommunen har ansvaret for

- inntak og reinsing av drikkevatnet.
- distribusjon og levering til abonnentane.

Vanylven kommune har ein avtale med Sande kommune om vassforsyning til områda Hakallestranda og Åram frå Bergsnes vassverk. Områda Rovde og Syvde har private vassverk. Vanylven vassverk hentar vatn frå Støylsvatnet, som forsyner per idag om lag 1600 personar. Det blir produsert i overkant av 522 000 m³ reint vatn årleg frå reinseanlegget. Vasskvaliteten til Vanylven vassverk vert kontrollert kvar månad.

Vassmålar:

- Alle innbyggjarar som er knytt til det offentlege avløpsnettet kan installere vassmålar. Installasjon av vassmålar skal utførast av ein godkjend røyrleggjar i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande reglement. Abonnementen må sjølv koste installasjon av vassmålar.
- Alle næringsbygg, driftsbygningar, offentlege bygg og kombinasjonsbygg er pålagde å ha vassmålar.

Lovnad

Som brukar skal du:

- Vert forsynt med reint vatn, i samsvar med Drikkevannsforskrifta.
- Ikkje oppleve avbrot i forsyninga som varer meir enn 12 timar. Ved lenger avbrot skal abonnenten få vatn i kanner eller innleigd tankvogn.
- Dersom planlagde reparasjonar eller vedlikehaldsarbeid fører til at vatnet vert borte, vil du bli varsla dagen før.
- Enkelt nå fram med informasjon til kommunen, ved feil i vassforsyninga.
- Så raskt som mogleg få informasjon og råd om tiltak, dersom det oppdagast vesentlege avvik frå drikkevannsforskrifta, eller andre vesentlege avvik.
- Brev eller e-post får du svar på så snart som mogleg, og seinast innan 3 veker.

5.3 Avløp

- Kommunen har ansvaret for leiingsnett for avløpet
- Kommunen har ansvaret for reinsing, utslepp og slamhandsaming
- Kommunen er ansvarleg for opparbeiding, drift og vedlikehald av dei kommunale avløpsanlegga.

Forureiningslova krev at sanitært avløp og industrielt avløp og overvatn skal reinsast før det skal sleppast ut til resipient.

Lovnad

Som brukar skal du:

- Vere sikra at avløpsvatnet vert transportert og handsama på ein miljømessig forsvarleg måte.
- Du får svar på brev så snart som mogeleg, og seinast innan 2 veker.
- E-post vert svara på innan 5 dagar.

5.4 Renovasjon

Det er kommunal renovasjon i Vanylven kommune, med henting frå kommunal veg. Alle privatpersonar med eigedom er automatisk tilknytt ordninga. Næringsdrivande kan inngå frivillig avtale om renovasjon.

I løpet av 2023 er alle kommunar i Noreg lovpålagt å innføre henting av våtorganisk avfall. Difor er dette ein mellombels kalender, fram til innføringa startar.

Kommunen gir utfyllande opplysningar når dette trer i kraft, og ny kalender vert publisert.

- Ordninga er basert på kjeldesortering. Informasjon om kjeldesortering finn på kommunen si heimeside.
- Det vert sortert og samla inn papir/plastemballasje og restavfall hos abonnent.
- Slamtømming kvart 2. år.

Det er utplassert småsamlarar for glas på Fiskå, Åheim og i Syvde. I tillegg kan avfalls- og gjenvinningsstasjonen på Eide verte nytta.

Miljøstasjonen på Lilleide

- Private hushald kan levere fritt inntil 3 kubikkmeter avfall på Lilleide.
- For leveransar større enn 3 kubikkmeter, må det betalast gebyr.
- Næringsdrivande skal betale alt bortsett frå metall, EE-avfal, batteri og landbruksplast. (Kommunen har ikkje plikt til å ta imot større leveransar frå næringsdrivande, men ta gjerne kontakt for å få vurdert ditt konkrete tilfelle).
Meir informasjon om levering av restavfall på Lilleide finn du på vanylven.kommune.no.

Hytterrenovasjon:

Det er lagt opp til at hytteeigarar skal bruke containarane som er satt ut rundt om i kommuna. Har du større gjenstandar må du levere dei på Miljøstasjonen på Lilleide og ikkje i containaren.

Returplast:

Dersom du er tom for returplast kan du hente ein ny rull ved servicetorget på rådhuset, eller knyte ein tom plastpose på bossdunken til neste søppelhenting. Då leverer bossbilen ut ein ny rull til deg

Lovnad

Som brukar skal du:

- Vere sikra at avfallet vert teke hand om på ein miljømessig, forsvarleg måte.
- Få restavfallsbeholdaren tømt kvar andre veke.
- Få plastemballasje henta kvar fjerde veke.
- Ha høve til å levera glas/metallemballasje, klede og drikkkartongar ved småsamlarar, utan ekstra betaling.
- Kunne levere m.a. hageavfall, farleg avfall, elektronikkavfall, treverk, metall, papir og papp og plast på Miljøstasjonen på Lilleide utan ekstra betaling.
- Kunne levere restavfall på Miljøstasjonen mot betaling.
- Brev eller e-post får du svar på så snart som mogleg, og seinast innan 3 veker

Kyrkjegardar:

Har avtale med Vanylven kyrkjekontor for kyrkjegardane ved St. Jetmund, Vanylven kyrkje, Fiskå gravplass, Åram kyrkje, Syvde kyrkje og Rovde kyrkje.

Omfattar:

- Drift og vedlikehald av bårhus og kyrkjegardane (plen og vegetasjon, vegar, kompostbingar, gjerde)
- Graving av graver/urnenedsetting.

6. NÆRING

- Vanylven utvikling AS

Vanylven utvikling er ein interesseorganisasjon for næringslivet og vil arbeide for vekst og utvikling i kommunen.

- Hoppid

Hoppid.no er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunane, Innovasjon Norge og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. På hoppid.no-kontora får gründeren gratis råd og rettleiing, tilbod om kurs og opplæring, råd om tilskot og finansiering og hjelp i søkeprosessar og til nettverksbygging. I tillegg legg hoppid.no til rette for knoppskyting i næringslivet og for entreprenørskap i skulen.

Målet med hoppid.no er å skape nye og levedyktige bedrifter, mangfald i arbeidslivet og auka verdiskaping og å styrke Møre og Romsdal som gründerfylket.

Øvrige tilbod:

- Ladestasjon for el-bilar er lokalisert ved Rådhuset på Fiskå.
- I Vanylven kommune er det fleire gjestehamner ein kan leige seg plass ved, Notaplassen Hamn i Syvde og Rovde Marina.
- I Vanylven har vi to kommunale kaier, på Klovningen og på Eidså.

6.1 Landbruk

SMIL-midler

- Dette er ei tilskotsordning for tiltak i kulturlandskapet og mot ureining frå landbruket.
- Særskilte miljøtiltak i jordbruket har som formål å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap, og redusere ureininga frå jordbruket. Tilskotet er for tiltak som går ut over den vanlege jordbruksdrifta.
- Søkjar kan vere eigar eller drivar av aktive gardsbruk.
- «Strategiplan 2021 – 2024» inneheld lokale mål, prioritering av tiltak og satsar for ordninga.